

OPPSUMMERING AV INNKOMNE MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSEL OG PLANPROGRAM FOR DETALJREGULERING SENTRUMSSKULE SYKKYLVEN.

1 MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, 14.08.17

1.1 Merknad til planprogrammet:

Planfagleg merknad: skuletomta som i si tid blei konsekvensutgreidd i 2013 er mykje mindre enn det arealet som foreslås regulert no. Tilrår at kravet om KU vert vurdert på ny.

Automatisk freda kulturminne: potensiale for funn i planområdet, det vil bli stilt krav om undersøkingar, funnmaterialet må synleggjerast i «dagens situasjon».

Barn og unge: bra med brukarmedverknadsprosess med barn og unge, ønskje om at dette blir utdjupa ytterlegare. Forslag om å involvere klassar frå alle 3 skulane er ein god måte å gjere dette på. Elevråd og kommunen sitt ungdomsråd er sentrale å ha med. Ber om at barnerepresentanten blir tatt med i prosessen allereie no.

Nordplan si vurdering:

Merknaden er tatt til følgje. Sjå revidert planprogram, planomtale, brukarmedverknadsrapport m.a., som syner korleis merknaden er tatt til følgje.

1.2 Innspel til planarbeidet:

Automatisk freda kulturminne: potensiale for funn frå bronsealder-jernalder som ligg skjult under markoverflata. Det stillast krav om arkeologisk registrering, jmf. §9 i Kulturminnelova (KML). Registreringa må gjennomførast før den endelege plana evt. kan godkjennast. Tiltakshavar må dekkje utgiftane ved ei slik undersøking, og kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (kr. 555 851,-). Aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Gravemaskin bør vere 8-12 tonn, ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,2 m breidde. Tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavar sitt ansvar.

Viser til handbok N301 ved arbeid på/langs veg. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutine kring arbeidsvarsling og risikovurdering. Maskinførar må ha bevis for gjennomført «Arbeidsvarslingskurs 1» for arbeid på og ved veg. Registrering gjerast så tidleg som mogleg i planprosessen. Tiltakshavar klarer forholdet til grunneigarar, brukarar, kablar, vassleidningar m.m.

Tettstadutvikling:

Sykkylven kommune har valt Bakkeøyane som tomt for ny skule i sentrum. Planområdet er utvida, og det er viktig å sjå på rapporten frå Norconsult og deira anbefalingar i forhold til sambruk. Svært viktig å knytte ny sentrumsskule med eksisterande idrettshall og kulturhus, og vurdere kva for samheng det skal vere mellom skule og sentrum. Korleis skal folk ferdast til og frå skulen? Moglegheit for å gå og sykle må vere det enklaste alternativet, med gode moglegheiter for å parkere ved skulen, og gode g/s-vegar mellom bustadområde-sentrum-skule.

Nordplan si vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til følge. Nordplan vil gjennom planomtale, føresegn og plankart følge opp og gjere greie for dei krav som Fylkesmannen viser til i sin merknad til varsel om oppstart.

3 NVE, 10.07.17

Kantsona langs vassdrag Aureelva er verdifull for friluftsliv og miljø. Vassressurslova §11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag.

Det er utarbeidd flaumsonkart for delprosjekt Sykkylven, og planområdet ligg innanfor flaumutsett areal, TEK17 §7-2 gjev føringar for sikkerheitsklassar for bygg i flaumutsett areal. Flaumutsett areal må synast som ei omsynssone i plankartet jfr. PBL§12-6, og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik. I «Klimaprofil Møre og Romsdal» er det for Aureelva tilrådd eit klimapåslag på 20 % for å ta høgde for framtidige flaumar, som NVE rår til blir lagt til grunn.

I NGU lausmassekart ligg planområdet under marin grense. Det kan vere leire i grunnen, og det synast til NVE sin kvikkleirerettleiar 7/2014 «Sikkerheit mot kvikkleireskred» kap. 4.5 «prosedyre for utgreiing av aktsemdsområde og faresoner». Dersom det er kunnskap som tilseier at grunnforholda er uproblematiske må dette grunnjevast konkret i ROS-analyse.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til følge. Det er gjennomført ei vurdering av flaumfaren og tryggleiksklassen for skulebygg. Det vil i planarbeidet også gjennomførast ei vurdering av grunnforholda og faren for kvikkleire. Faresoner og føresegn vil bli innarbeidd i planen for å sikre at sikkerheita vert ivaretatt.

4 Landbrukskontoret i Sykkylven, 23.08.17

Landbrukskontoret påpeikar at det i planprogrammet står at konsekvensane for jordvernet og omsynet til landbruksdrifta ikkje skal utgreiast nærare, og dette stillar jordbrukssjefen seg undrande til. Dette då det vart lagt til grunn for trekking av fylkesmannen sitt motsegn i 2013, at omsynet i jordvern og landbruksdrifta skulle tillegkast særleg vekt under detaljreguleringa. Jordbrukssjefen skriv at KU'en frå Norconsult ikkje reflekterer dei faktiske forholda ein finn i området i dag. Det vart i 2012 av Norconsult skrive at det var registrert 32 daa fulldyrka jord på gnr/bnr 14/12. I dag er det registrert 48 daa fulldyrka jord på eignedomen, då delar av utfyllinga er stelt til og nydyrka. Dette var målet med utfylling, å bruke det til dyrka mark. Jordbrukssjefen viser til delegasjonsvedtaket Do13/04, der deponerings-/planeringstiltaket vart vurdert å ha stor nytte for både jordbruksdrift og entreprenørverksemd i kommunen. Nemnt areal er i dag i aktiv drift.

Jordbrukssjefen meiner det bør gjennomførast ei ny konsekvensanalyse for landbruket/arealressursane i området, for å sikre at skule vert plassert på ein slik måte at konsekvensane for landbruket vert minst mogleg. Jordvern er eit viktig omsyn, spesielt med tanke på at regjeringa nyleg har vedteke ein ny nasjonal jordvernstrategi.

Nordplan si vurdering:

Merknad er tatt til orientering. Ettersom det ikkje er aktuelt å vurdere fleire moglege plasseringar av skulen, så meiner Nordplan at ei eiga konsekvensutgreiing for jordvern vil ha liten hensikt. Sjølv om det ikkje vert gjennomført ei eiga konsekvensutgreiing jf. plan- og bygningsloven, så betyr ikkje det at forholdet til jordvern og landbruksdrifta ikkje vert vurdert. Ein vil i planomtalen gjere greie for planens verknad for mellom anna jordvernet. Omsynet til jordvern vil også verte vektlagt i sjølv planutforminga.

5 Barnerepresentanten i Sykkylven, 25.08.17

Barnerepresentanten ber om at rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging § 5a «Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare» vert spesielt vektlagt i planarbeidet. Soltilhøve og eigna areal for uteopphald er viktig i høve plassering av bygningsmasse og uteområde. Det er bra at elevar frå Ullavik, Aure og Vik skule, samt ungdomsrådet, skal involverast i planprosessen. Barnerepresentanten ønskjer at det vert konkretisert korleis det er planlagt at elevane skal medverke.

Nordplan si vurdering:

Merknaden er tatt til følgje. Sjå revidert planprogram, planomtale, brukarmedverknadsrapport m.a., som syner korleis merknaden er tatt til følgje.

6 SVV, 07.07.17

SVV har ingen særskild merknad/innspel til varsla regulering og framlegget til planprogram. Nærare vurderingar og detaljer vert å kome attende til i den vidare planprosessen.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til orientering.

7 Leif-Jarle Aure, 12.07.17

Aure har eit jordbruksareal 14/7 som er omfatta av planen syd om Aureelva og i austre del av planen. Plangrensa deler arealet i to, som er kritisk m.o.t. drift av jordbruket i sentrum, og vil skape ein umogleg driftssituasjon for sentrumsjordbruket. Aure protesterar på at arealet vert innlemma i planen, og vil at det skal trekkast ut straks.

Nordplan si vurdering:

Merknad er tatt til orientering. Denne delen av planområdet er tatt med på grunn av eldre planar om ein ny vegforbindelse mellom Dalevegen og Haugsetvegen. Denne vegen vil inngå som eit av tilkomstalternativa til den nye skulen. Dei vurderingar som er gjort så langt tyder på at andre tilkomstar er betre løysingar. Dette gjer at det er lita sannsynleg at eigedom 14/7 vert råka av det endelege planforslaget.

8 Arnt Ove Aure, 14.08.17

Aure er eigar og drivar av gardsbruket som grensar til Bakkeøyane i aust, gnr/bnr. 7/24. Bruket er i full drift og er hans levebrød. Aure har også i over 40 år drive ca 4 daa av arealet i Bakkeøyane. I forkant av vedtak om at Bakkeøyane skulle bli ny skuletomt, var det innspel i saka om at det vart drive aktivt landbruk i dette området. I etterkant av innspelet, vart det ein politisk debatt i kommunestyret før vedtak av tomta, der det blei snakka om å ta omsyn til landbruksdrifta i området.

Aures innspel no går på at det vert lagt vekt på at dei delane av Bakkeøyane som ikkje vert berørt av sjølve skuleutbygginga vert bevart for vidare landbruk, og at det blir teke omsyn til dette når ein planlegg skuletomta og dei naudsynte vegar som må til.

Aure påpeikar at Nordplan har vurdert at jordvern ikkje skal utgreiast vidare, då dei andre skuletomtalternativa også ville ha ført til nedbygging av jordbruksareal. Aure skriv at arealet i Bakkeøyane er mykje større enn arealet som er behov for til ny sentrumsskule, og vesentleg større enn dei andre vurderte skuletomtene som har vore vurdert. Dersom Sykkylven kommune meiner at landbruket er viktig og skal takast omsyn til, så må det vise igjen i planarbeidet.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til orientering. Sjølv om det ikkje vert gjennomført ei eiga konsekvensutgreiing av jordvern, så vil det være fokus på å ta vare på mest mogleg matjord i planarbeidet. Det er også riktig at planområdet er stort samanlikna med det faktiske behovet for areal. Årsaka til at planområdet er så stort er for å sikre at fleire moglegheiter for plassering av bygg, uteområde og tilkomst kan vurderast utan at planområdet må utvidast i ettertid.

9 Odd-Harald Gjersdal, Tone Førde og Ingunn Gjersdal, motteke 16.08.17

Innspel til planprogram for ny sentrumsskule frå Odd-Harald Gjersdal (eigar gnr/bnr 14/57 og 14/537), Tone Førde (gnr/bnr 14/537) og Ingunn Gjersdal (gnr/bnr 14/625). I kommunedelplanen for utvida sentrumsområde av 28.06.13 er det innteikna ein framtidig veg frå eigedomen ved Haugsetvegen til Dalevegen. Dette blei protestert på den gang, og dei er framleis ueinig i vegen si plassering. Dette då vegen ikkje er gunstig plassert, og at det finst betre og billigare løysingar for veg. Dei håpar at dei som er med på planarbeidet ser på vegløysinga med nye auge og vurderar alle moglegheiter sjølv om vegen ligg i kommunedelplanen. Området mellom grusbana og kunstgrasbana er betre alternativ for veg der det er plass til både gåande og bilar.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til orientering. Som det vert påpeka i merknaden, så er årsaka til planavgrensinga at det føreligg planar som ein veg frå Haugsetvegen og over til Dalevegen. Denne vegen vil bli vurdert på nytt i planarbeidet. Ut frå det vi kjenner til i dag så er det lite sannsynleg at denne løysinga vert tilrådd i det endelege planforslaget.

10 Ole Asbjørnsen, 17.08.17

Asbjørnsen er eigar og drivar av Knutgarden (mjølkeproduksjon) på gnr/bnr 14/15 vest for Bakkeøyane. Knutgarden har vidare hatt leigeavtale med Sigurd J. A. Saure om grasproduksjon sidan 2006 på Bakkeøyane, der ca 40 daa av leigearealet er fulldyrka (*Nordplan anmerking: gnr/bnr 14/12*). Drifta av Knutgarden er Asbjørnsen sitt levebrød, og han forventar at det blir tatt omsyn til dette ved vidare planlegging av sentrumsskule og infrastruktur i området. Asbjørnsen krev at den del av hans eigedom som er innlemma i planområdet blir teke ut av detaljplanen.

Nordplan si vurdering:

Merknad tas til orientering. Som nemnt i nokre av dei andre kommentarane, så har ein ved planoppstart valt å sette av eit større areal enn kva som er naudsynt. Dette for å ha moglegheita til å justere plassering av bygg, tilkomstar med meir. Ein skal i så liten grad som mogleg ta i bruk areal på eigedom 14/15. Det er eit overordna mål i planarbeidet å unngå å legge beslag på landbruksareal i så stor grad som mogleg.